

Hordaland fylke
Jondal kommune



Svåsand
208 Jondalselva
Svåsand



Samla Plan for vassdrag

Samla plan for vassdrag (Samla Plan) skal gje eit framlegg til ei gruppevis prioritert rekkjefølge av vasskraftprosjekt for seinare konsesjonshandsaming. Prioritering av prosjekta skal skje etter ei vurdering av kraftverkøkonomisk lønnsemd og frad av konflikt med andre brukarinteresser som ei eventuell utbygging vil føra med seg.

Samla Plan skal vidare gje eit grunnlag for å ta stilling til kva vassdrag som ikkje bør byggjast ut, men disponerast til andre føremål.

Samla Plan skal leggast fram for Stortinget i ei melding/ein proposisjon innan utgangen av 1984. Miljøverndepartementet har ansvaret for arbeidet, i samarbeid med Olje- og energidepartementet, Norges vassdrags- og elektrisitetstjeneste (NVE) og andre instansar.

Arbeidet på ulike fagområde skjer dels sentralt, dels på fylkesnivå der fagfolk frå fylkeskommunen, miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen og andre etatar er trekte inn. I kvart fylke er det oppretta ei rådgjevande kontaktgruppe for arbeidet med Samla Plan. Som koordinator for arbeidet med prosjekta i fylka er det engasjert eigne medarbeidarar.

Samla Plan vil omfatta vasskraftprosjekt tilsvarande 35-40 TWh midlare årsproduksjon.

Utgreiingane om vasskraftprosjekt og konsekvensar vert for kvart prosjekt sett saman i vassdragsrapportar. Forutan utgreiingane om vasskraftprosjekta, vert følgjande brukarinteresser/tilhøve handsama: naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, vern mot ureining, vassforsyning, kulturminnevern, jord- og skogbruk, reindrift, sikring mot flaum og erosjon, transport, istilhøve og klima. Dessutan vert regionaløkonomiske verknader vurderte.

Vassdragsrapportane vert fortløpande sende til høyring i vedkommande kommunar, lokale interesseorganisasjonar m.m. Vassdragsrapportane saman med høyringsfråsegnene danner grunnlaget for arbeidet med Samla Plan. Som grunnlag for meldinga/proposisjonen vil eit utkast til Samla Plan verta sendt på høyring til mellom andre fylkeskommunar og sentrale interesseorganisasjoner hausten 1984.

SAMLA PLAN FOR VASSDRAG

HORDALAND FYLKE

JONDAL KOMMUNE

VASSDRAGSRAPPORT

PROSJEKT 208 JONDALSELVA
01 SVASAND

FEBRUAR 1984

ISBN 82-7243-320-6

OM SAMLA PLAN

Samla plan for vassdrag (Samla Plan) skal gje eit forslag til ei gruppevis prioritert rekkjefølgje av vasskraftprosjekt for seinare konsesjonshandsaming og konsesjonsgjeving. Prioritering av prosjekta skal skje etter ei vurdering av kraftverksøkonomisk lønnssemd og grad av konflikt med andre brukarinteresser som ei evt. utbygging vil medføra.

Samla Plan skal vidare gje eit grunnlag for å ta stilling til kva slags vassdrag som ikkje bør byggjast ut, men disponerast til andre føremål.

Samla Plan skal leggjast fram for Stortinget innan utgangen av 1984 i ei melding/proposisjon utarbeidd av Miljøverndepartementet, og vil omfatta vasskraftprosjekt tilsvarande ca. 34 TWh midlere årsproduksjon.

Utgreiingane om vasskraftprosjekt og konsekvensar blir for kvart prosjekt stilt saman i vassdragsrapportar. Forutan utgreiingane om vasskraftprosjekta blir følgjande brukarinteresser/tilhøve handsama: Naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, vassforsyning, vern mot forureining, kulturminnevern, jord- og skogbruk, reindrift, flaum- og erosjonssikring, transport, istilhøve og klima. Dessutan blir regionaløkonomiske verknader vurdert.

Vassdragsrapportane blir etter kvart som dei ligg føre sendt til høyring til berørte kommunar, lokale interesseorganisasjonar m.v. Vassdragsrapportane saman med høyringsfråsegnene danner grunnlaget for arbeidet med Samla Plan. Som grunnlag for meldinga/proposisjonen vil eit utkast til Samla Plan bli sendt til høyring hausten 1984 til m.a. fylkeskommunar og sentrale interesseorganisasjonar.

Miljøverndepartementet har ansvaret for arbeidet. I prosjektleiinga deltek Olje- og energidepartementet og Miljøverndepartementet med Norges vassdrags- og elektrisitetsvesen (NVE) som observatør.

Arbeidet på ulike fagområde skjer dels sentralt, dels på fylkesnivå der fagfolk frå fylkeskommunen, fylkesmannen si miljøvernavdeling og andre etatar er trekt inn. I kvart fylke er det oppretta ei rådgjevande kontaktgruppe for arbeidet med Samla Plan. Som koordinatorar for arbeidet med prosjekta i kvart fylke er det engasjert eigne medarbeidarar.

FØREORD

Denne vassdragsrapporten er laga som ein del av Samla Plan-arbeidet i Hordaland fylke.

Rapporten gjer greie for moglege vasskraftplanar i Jondals-/Storelvvassdraga, omtalar brukarinteressene i området og vurderar konsekvensane ved ei eventuell gjennomføring av prosjektet.

Utbygging av vassdraga er vurdert i eitt alternativ med plassering av kraftstasjon ved Svåsand.

Kap. 5 inneheld ei kort oppsummering, med eit skjema der det er føreteke ei klassifisering av prosjektormådet sin verdi/bruk for visse interesser uavhengig av evt. utbygging. Vidare er det i tabellen føreteke ei vurdering av konsekvensane ved ei utbygging i samsvar med kap. 3 i vassdragsrapporten.

Når det gjeld konsekvensvurderingane vil vi understreka at desse er førebelse, og har skjedd ut frå ei vurdering av prosjektet isolert. Særleg når det gjeld interessene naturvern, friluftsliv, vilt og kulturminne, er det naudsynt å sjå prosjektet i samanheng med andre Samla Plan-prosjekt, evt. også verna vassdrag i området. Dei førebelse konsekvensvurderingane kan bli endra når ein føretek regionale vurderingar der alle prosjekt/vassdrag i eit område blir samanlikna.

Vassdragsrapporten er samanstilt og redigert av Samla Plan-medarbeidar i Hordaland fylke, Johannes Høvik. Ei rekkje fagmedarbeidarar har teke del på ulike fagområde i prosjektet, jfr. bidragsliste bak i rapporten. Kontaktgruppa for Samla Plan i Hordaland fylke er kjent med rapporten.

Rapporten blir sendt på høyring til dei aktuelle kommunar, lokale interessegrupper m.v., og vil saman med høyringsfråsegnene vera grunnlaget for vurdering av Svåsand-prosjektet i Samla Plan.

Bergen, 1. mars 1984

Johannes Høvik

INNHALD

side

1	NATURGRUNNLAG OG SAMFUNN	1-1
1.1	<u>Naturgrunnlag</u>	1-1
1.2	<u>Samfunn og samfunnsutvikling</u>	1-5
2	BRUKSFORMER OG INTERESSER I VASSDRAGET	2-1
2.0	<u>Is og vasstemperatur</u>	2-1
2.1	<u>Naturvern</u>	2-1
2.2	<u>Friluftsliv</u>	2-3
2.3	<u>Vilt</u>	2-5
2.4	<u>Fisk</u>	2-6
2.5	<u>Vassforsyning</u>	2-8
2.6	<u>Vern mot forureining</u>	2-9
2.7	<u>Kulturminnevern</u>	2-10
2.8	<u>Jordbruk og skogbruk</u>	2-12
2.9	<u>Reindrift</u>	2-13
2.10	<u>Flaum- og erosjonssikring</u>	2-13
2.11	<u>Transport</u>	2-14
3	VASSKRAFTPROSJEKTET	3-1
3.1	<u>Kort utgreiing</u>	3-1
3.2	<u>Hydrologi - Reguleringsanlegg</u>	3-1
3.3	<u>Vassvegar</u>	3-3
3.4	<u>Kraftstasjon</u>	3-4
3.5	<u>Anleggsvegar - Tippar - Massetak</u>	3-5
3.6	<u>Kompenserande tiltak</u>	3-6
3.7	<u>Tilpassing i produksjonssystemet - Linetil-</u> <u>knyting</u>	3-6
3.8	<u>Kostnader pr. 1.1.1982</u>	3-7

side

4	VERKNADER AV UTBYGGINGA	4-1
4.0	<u>Verknader for naturmiljøet</u>	4-1
4.1	<u>Naturvern</u>	4-4
4.2	<u>Friluftsliv</u>	4-5
4.3	<u>Vilt</u>	4-7
4.4	<u>Fisk</u>	4-8
4.5	<u>Vassforsyning</u>	4-9
4.6	<u>Vern mot forureining</u>	4-10
4.7	<u>Kulturminnevern</u>	4-11
4.8	<u>Jord- og skogbruk</u>	4-12
4.9	<u>Reindrift</u>	4-14
4.10	<u>Flaum- og erosjonssikring</u>	4-14
4.11	<u>Transport</u>	4-14
4.12	<u>Regional økonomi</u>	4-15
5	OPPSUMMERING	5-1
5.0	<u>Kort utgreiing om prosjektet</u>	5-1
5.1	<u>Konsekvensar ved utbygging</u>	5-2

KARTBILAG

	TEMA	KARTBILAG NR.
	VU-skjema	3.1
	Vasskraftprosjektet, kart i M=1:50000	3.2
	Lengdeprofil Jondalselv og Storelv	3.3 og 3.4
	Busetting - Kommunegrenser	1
x	Naturvern	2
	Friluftsliv	3
	Vilt	4
	Fisk	5
	Vassforsyning	6
	Vern mot forureining	7
	Kulturminnevern	8
	Landbruk/Reindrift	
	Flaum- og erosjonssikring	9
x	Transport	9
	Verknader på is/klima/vasstemperatur	10

x

x - For denne/desse interessene er det ikkje laga tema-kart.

Alle kartbilag er samla bak i rapporten med unntak av bilag nr. 3.1, 3.2, 3.3 og 3.4 som følgjer etter kap. 3.

208 JONDALSELV
02 SVÅSAND

1 NATURGRUNNLAG OG SAMFUNN

1.1 Naturgrunnlag

1.1.1 Geografisk omfang

Dei vassdraga som prosjektet omfattar ligg på nordlege del av Folgefonnshalvøya i Jondal kommune. Vassdraga har utspring i fjellområda nord for Folgefonn 400-1 300 m.o.h. med fleire fjell som når opp i over 1 500 m.o.h. Vassdraga drenerer mot vest gjennom eit landskap med høge fjell og djupe dalar, tydeleg prega av sterk breerosjon.

Herands- og Hauglandsvassdraget munnar ut i Hardangerfjorden ved Herand.

Vassende- og Gryttingsvassdraget renn saman med Jondalselv, som munnar ut i Hardangerfjorden ved Jondal.

1.1.2 Geologi

1.1.2.1 Berggrunnsgeologi

Grunnfjellsbergartene frå prekambrisk tid finst i to utgåver. Nordaust for ei line mellom Solsnes og Juklavatn finn ein omlaga djupbergarter med feltspatiske kvartsittar, metagabbro, metabasalt, og kvartsitt konglomerat. Desse er lettare forvitrelege enn dei harde gneisane i sørvest, og i tillegg er dei meir næringsrike. I desse omlaga bergartene finst serpentinlinser. Fleire stader er serpentinen omlaga til kleberstein og talk.

Restar av skyvedekket finn ein i den vestlege delen av området. Samlen, Jonahorn og Skorpo tilhøyrer dette skyvedekket, og bergartene her er for det meste kvartsrik og hard gneis. Under skyvedekket finn ein fyllitt. Fleire stader finst og grønskeer innfor gneisen.

1.1.2.2 Geomorfologi/storfomer

Landformene er prega av store kontrastar. I høg fjellsområda er det spor etter dei paleiske formene. Desse er representert ved slake, avrunda fjellplatå som stadvis er omgjevne av hyller eller dalaksler som truleg er restar etter gamle dalsystem. Enkelte av dalane ligg langs nord-sør-gåande sprekker danna i tertiær tid. Dei mest markerte landformene er danna gjennom fleire nedisingar i kvartær tid. Dette har resultert i djupt nedskorne traufoma botnar og U-dalar med tersklar og basseng i lengdeprofil. Fleire av sidedalane og botnane heng i dalsida til hovuddalføra. I område med tungt nedbrytbare bergarter finn ein i dag dei høgastliggjande fjellpartia.

1.1.2.3 Kvartærgeologi/lausmassar

I høg fjellet og i område med harde bergarter finst det lite lausmassar. Marin grense ligg på ca. 100 m.o.h. Over heile området finst formasjonar som vitnar om aktiviteten under istida. Morene er den dominerande jordarten, og finst i størst mengde i Krossdalen, i Tveddal - Kvanndal og mellom Samladal og Krossdalen. I nedre delen av Krossdalen finst ein del breelvmateriale. Elveavsetjingar finst i dei fleste store dalane. Skredmateriale er det mest av nedanfor brattskrentane i Krossdalen, i Tveddal - Kvanndal og øverst i Samladal.

1.1.3 Klima, hydrologiske og limnologiske tilhøve

Dei berørte vassdraga ligg etter måten åpne mot vest. Klimaet er maritimt, og årsnedbøren varierer frå ca. 1 500 mm nede ved Hardangerfjorden og til over 2 000 mm i dei høgastliggjande deler av vassdraga. Største månads- og årsnedbør er målt til 695 mm og 2 983 mm. Største døgernedbør 130 mm. (Nedbørstasjon ved Kvåle i vassdraget.)

Den nedbørrikaste tida på året er september-desember.

Middel avrenning frå vassdraga sine nedbørsfelt er i storleik 70-80 l/s/km².

Ved Jondal er klimaet omlag som på verstasjonen 5013 Omastrand, som ligg ca. 15 km vest for Jondal:

Normaltemperatur 1931-60 1,0 m.o.h.

Jan	Feb	Mars	Apr	Mai	Juni	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	-År
0,5	0,4	2,2	5,5	10,2	13,2	15,5	15,1	11,4	7,4	4,7	2,4	-7,4

På grunn av kaldluftdrenering ut Jondalen vil minimumstemperaturen i Jondalsbygda i versituasjonar med lite vind vera lågare enn på Omarstrand (lågaste minimumstemperatur jan. $\pm 13,5^{\circ}\text{C}$).

Lenger oppe i Jondalen, ved Flatebø, Brattebø Kvåle, vil dagtemperaturen sommarstid vera omlag som i Jondal, medan temp. om natta sommarstid vil vera noko lågare enn i Jondal.

Nedslagsfelta for vassdraga ligg frå sjøen til over 1300 m.o.h. Berggrunnen i dei sørvestlege delar av feltet består for det meste av bergarter som gjev liten tilgang på næringssalt. I nord- og austleg del av feltet finst stadvis meir næringsrike bergarter.

Den nedre delen av Jondalselva har gunstig pH og er forholdsvis næringsrik på grunn av tilsig frå jordbruket. Dei høgareliggjande vatna er relativt sure og har dårleg bufringsevne. Innhaldet av næringssalt er lite og her finst ikkje grunnlag for verdfulle næringsdyr for fisken.

Det er ikkje føreteke målingar av vassstemperaturen i dei berørte vassdraga. Tilhøva må difor vurderast ut frå målingar i andre vassdrag.

Data for islegging og isløysing på Eidevatn er kjent sidan 1950 og for Stølselv sidan 1963. Eidevatn er i median islagt frå 21. desember til 22. april. I Stølselva er tilhøva svært varierende frå vinter til vinter. Berre i stabile, kalde vintrar er elva heilt islagt.

1.1.4 Vegetasjon

Naturgeografisk tilhører området regionen "Sunnhordlands fjordstrøk".

Store deler av området har ein berggrunn som ikkje gjev grunnlag for anna enn lite næringskrevjande arter. Mindre parti i den nord-austre delen av området har kalkhaldige bergarter og her finst kravfulle arter i heivegetasjonen.

Klimaet er oseanisk, og kystplanter utgjer ein stor del av floraen. Vegetasjonstypene har markerte oseaniske trekk.

Nedste deler av Krossdalen er trong, og har bratte dalsider, men det ligg ein del dyrka mark i dalbotn langs elva.

I dalsidene dominerer bjørke- og gråorskog. Fleire stader er det planta gran. I nord, mellom Vassendvatn og Fodnasetvatn er terrenget ope med skogkledde kollar omgjevne av flate myrparti. Her utgjer bjørk og furu det meste av skogen.

I fjellet er lyng- og grasheiar mest utbreidde. I fuktige dalsider kan vierkratt danna relativt store bestander. Over 1 000 m.o.h. er vegetasjonsdekket sparsamt.

Vegetasjon i vatn og langs vassdraga er lite utvikla.

1.1.5 Arealfordeling

Vassdraga har nat. nedbørsfelt på ca. 164 km².

Av dette er ca. 42 km² overført til Mauranger kraftverk.

Av restfeltet - ca. 122 km² utnyttar Svåsand kraftverk eit felt på ca. 71.9 km².

Arealfordelinga i vassdraga

Jordbruksareal (dyrka + beite)	2,5	km ²
Produktiv barskog	1,2	"
Produktiv lauvskog	4,6	"
Vatn	6,1	"
Fjell og anna areal	107,6	"
Sum	122,0	km ²

Jordbruksarealet utgjør ca. 2% av nedbørsfeltet.

I Jondal- og Krossdalområdet er jordsmonnet for det meste morene-jord, is- og elveavsetninger. I Herandsområdet finst og jordsmonn forvittra av amfibolittiske bergarter.

Tettstaden Jondal ligg i vassdraget ved utlaupet av Jondalselv.

1.2 Samfunn og samfunnsutvikling

1.2.1 Befolkning og busetting

Anleggsverksemda vil føregå i Jondal kommune i Hordaland. Dagpendlingsområdet består i tillegg til Jondal av kommunane Kvinnherad, Ullensvang og Kvam. Jondal og Kvam inngår i Ytre Hardanger arbeidskontordistrikt. Kvinnherad inngår i Sunnhordland- og Ullensvang i Indre Hardanger arbeidskontordistrikt. Som felles nemning på kommunane i dagpendlingsområdet brukar vi heretter regionen.

Tab. 1.1 Utvikling i folketallet frå 1900 fram til 1982, utgangen av året

År	Kvinnherad	Jondal	Ullensvang	Kvam	Regionen
1900	8596	1590	3913	5977	20076
1946	9669	1422	4216	7699	23006
1970	12109	1307	3814	8839	26069
1980	12854	1281	4030	8743	26908
1982	13026	1304	4063	8744	27137

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå

Tab. 1.2 Naturleg tilvekst, flytting og samla tilvekst i %, gjennomsnitt for åra 1980-82

	Kvinnherad	Jondal	Ullensvang	Kvam	Fylket
Nat. tilvekst	0,6	÷0,6	0,7	0,3	0,5
Nto. flytting	÷0,1	1,4	÷0,4	÷0,3	÷0,1
Samla tilvekst	0,6	0,9	0,3	0,1	0,4

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå

Av tabellane over går fram at Jondal har hatt nedgang i folketallet frå 1970 til 1980. Etter 1980 har folketallet auka til omlag same nivå som i 1970. Kvinnherad og Ullensvang har hatt vekst i folketallet etter 1970, medan Kvam har hatt nedgang i folketallet i perioden 1970-80. Dei siste 3 åra har Jondal hatt ei netto tilflytting, medan dei andre kommunane har hatt ei netto fråflytting.

For Ullensvang og Kvam har netto fråflytting vore noko større enn gjennomsnittet for fylket. Alle kommunane forventar å få ein viss befolkningstilvekst fram mot 1990 og 2000. Målsetting for gjennomsnittleg årleg vekst i distriktet ligg på omlag 0,4%.

Tab. 1.3 Folketalet i kommunane pr. 31.12.1982 og framskriving av folketallet i kommunane, fordelt på aldersklassar. Alt. K1 82 - Naturleg tilvekst + flytting ut frå flyttetendensen siste 3 år

Kommune	1982				1990				2000			
	Tot.	0-	16-	67+	Tot.	0-	16-	67+	Tot.	0-	16-	67+
		15	66			15	66			15	66	
Kvinnherad	13026	28	60	12	13683	25	62	13	14250	25	63	12
Jondal	1304	25	56	20	1335	24	56	21	1390	28	58	14
Ullensvang	4063	25	60	16	4062	22	62	16	4090	22	65	13
Kvam	8744	25	61	15	8634	22	61	17	8651	22	62	16
Regionen	27137	26	60	14	27714	23	61	15	28381	24	63	13
Fylket	394568	25	63	13	400821	21	64	14	407139	21	65	14

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå

Ein relativt stor del av folkesetnaden i Jondal er over 67 år (20%). Del av befolkningen i yrkesaktivt alder (16-67 år) er såleis lågare i Jondal enn i regionen og i fylket.

Dei øvste gardane på Brattabø ligg innanfor utnytta felt i Jondalselva. Det er elles liten fast busetnad innanfor dei nedbørsfelta som blir nytta i kraftanlegget.

I naturleg nedslagsfelt for dei berørte vassdraga er det fast busetnad i Krossdal, Jondal (kommunesenter) og Herand, tilsaman ca. 600 innbyggjarar.

1.2.1.1 Kommunikasjon

Anlegget ligg nær kommunesenteret i Jondal. Frå Jondal til Kvam er det naudsynt med ferje. Ferjetid Jondal - Tørvikbygd i Kvam er 20 min., avgang 6 g/dagleg. Frå Utne i Ullensvang (som ligg ca. 31 km frå Jondal) er det ferjesamband med Kinsarvik (kommunesenteret i Ullensvang) og med Kvanndal i Granvin. Ferjetid Utne - Kinsarvik er ca. 25 min. og Utne - Kvanndal ca. 20 min. Ferjeavgang frå Utne ca. 13 g/dagleg.

Avstand frå Jondal til kommunesenteret i Ullensvang er 31 km + ferje - 25 min. eller 118 km utan ferje (via Odda).

Avstand frå Jondal til kommunesenteret i Kvam er ca. 17 km + ferje - 20 min.

FV-107 Jondal - Kvinnherad er under anlegg på strekninga Årsand - Hesvik. Det blir her føresett at vegen vidare rundt Maurangerfjorden (Gjetningsdalen - Nordrepollen) er bygd innan det kan bli aktuelt å byggja ut vassdraget.

Avstand frå anleggsområdet (Jondal) til kommunesenteret i Kvinnherad (FV-107) blir ca. 52 km.

1.2.2 Næringsliv og sysselsetting

Tab. 1.4 Yrkesaktive, 16 år og over, etter næring og kjønn, 1970 (i parentes) og 1980. Over 500 timar

Kommune	Menn	Kvinner	Totalt	Prosent i næringsgrupper					
				Primær næring	Bergv. indus.	Bygg/ anlegg	Vareh. m.m.	Tran- sport	Off/priv teneste
Kvinnherad	3196 (3320)	1478 (1234)	4674 (4554)	10 (21)	29 (30)	15 (16)	8 (7)	8 (9)	28 (17)
Jondal	279 (362)	149 (138)	428 (500)	19 (32)	11 (11)	21 (17)	8 (4)	11 (13)	29 (18)
Ullensvang	1014 (1087)	610 (598)	1624 (1685)	29 (47)	17 (12)	14 (12)	8 (8)	7 (6)	25 (15)
Kvam	2211 (2482)	1177 (1065)	3388 (3547)	13 (23)	27 (29)	12 (10)	10 (9)	8 (8)	29 (20)
Regionen	6700 (7251)	3414 (3035)	10114 (10286)	15 (26)	26 (26)	14 (13)	9 (8)	8 (8)	28 (18)
Fylket	96087 (100656)	56042 (48608)	152129 (149264)	5 (10)	21 (25)	10 (10)	14 (14)	10 (12)	38 (26)

Kjelde: Folke- og bustadteljingane 1970 og 1980, SSB

Tab. 1.5 Arbeidskrafttrekneskap for kommunane. Alle tal for 1980

	Kvinnherad	Jondal	Ullensvang	Kvam
Tilbod arb.kraft	4730	431	1633	3421
÷Arbeidslause	56	3	9	33
Syssels. bus. i komm.	4674	428	1624	3388
÷Utpendling	410	75	291	268
+Innpendling	248	21	109	181
Ettersp. arb.kraft	4512	374	1442	3301

Kjelde: Folke- og bustadteljinga 1980, SSB

Frå 1980 til 1982 har det vore ein vesentleg auke i talet på arbeidslause i regionen, frå 45 til 254 i gjennomsnitt for året. Auken i Jondal har vore frå 3-12, i Ullensvang frå 9 til 29, i Kvam frå 33 til 75 og i Kvinnherad frå 56 til 138.

Primærnæringane

Sysselsettinga i primærnæringane har gått kraftig attende sidan 1970. Landbruket har likevel framleis ein sentral plass i næringslivet i regionen. Toltalt jordbruksareal i regionen er på 81 898 daa. Av dette er ca. 68% fulldyrka. Gjennomsnittleg bruksstorleik er ca. 45 daa. Berre 8% av bruka har meir enn 100 daa jordbruksareal.

Dei fleste eigedomane har noko skogareal i tillegg. 73% av bruka har mindre enn 250 daa produktivt skogareal, medan 3% har meir enn 1 000 daa skogareal.

Tal bruk	Del av familien si nettoinntekt som kjem frå bruket prosent			
	/10	10-49	50-89	90+
1793	579	420	239	555

Kjelde: Landbruksteljinga 1979

Industri, byggje- og anleggsverksemdar

I utbyggingskommunen Jondal har det vore jamn sysselsetting innan industri, byggje- og anleggsverksemda i perioden 1970-80.

Av verksemdar i distriktet som anlegget kan dra nytte av kan nemnast:

Entreprenørar/transportverksemdar:

- Høgenæs A/S, Norheimsund, Kvam.
- Rosendal Maskinstasjon, Rosendal, Kvinnherad.
- Røsseland, Gunnar Entreprenørforretning A/S, Husnes, Kvinnherad.
- Diverse mindre entreprenør- og transportverksemdar i Kvinnherad, Jondal, Ullensvang og Kvam.

Levering av skur- og høvellast:

- Jondal Bygg A/S, Belsnes.
- Bernhard Birkenes, Rørvik, Tørrvikbygd, Kvam.
- Steinar Gravdal, Kvam.
- Hardanger Bygg A/S, Kvam.
- Uskedal Trelastlager A/S, Kvinnherad.
- Halsnøy Trelastlager A/S, Kvinnherad.

Levering av sand, punkk og grus:

- Dimmelsvik Sandindustri A/S, Kvinnherad.
- Sand- og grusførekomstar i Jondal (privat).
- På Solsnes i Jondal finst hellebrot.

Industriareal

I Jondal finst 5 regulerte industriareal på tilsaman 48,8 daa. Ledig areal er ca. 18 daa. Andre aktuelle industriareal i Jondal utgjer ca. 146 daa.

I Kvinnherad finst fleire større og mindre areal (i alt ca. 400 daa) som er bandlagt til industriføremål i kommunen sin generalplan, vedtatt 27.12.1979. Ein del av desse areala er under regulering og tilrettelegging. Eit areal på ca. 80 daa (Uskedal) er ferdig tilrettelagt. Sør-Norge Aluminium A/S har elles ca. 650 daa utvidingsareal. Av dette disponerar kommunen ca. 40 daa.

I Kvam finst 3 regulerte industriareal på tilsaman ca. 138 daa, (Norheimsund, Ålvik og Omastrand).

I Ullensvang finst eit regulert industriareal på ca. 150 daa i Kinsarvik.

1.2.3 Kommunale ressursar

Tab. 1.6 Kommunerekneskapar 1981

	Kvinnherad	Jondal	Ullensvang	Kvam	Fylket
Folketal pr. 31.12.83	12946	1298	4015	8757	392752
	(Kr. pr. innbyggjar)				
Skattar og alm. avg.	4187	4218	3203	3725	4481
Skatteutjamn.	255	2003	1096	377	284
Overf. til undervisn.	1173	1501	1418	1106	837
Driftsinnt.x)	7619	11475	9063	7330	7644
Driftsutg.xx)	7130	10017	8307	7287	7394
Utg. nybygg/nye anl.xx)	1516	6800	1159	2192	1063
Lånegjeld	4077	5500	5158	5238	
Renter/avdr. i % av					
skattar og skatteutj.	17	4	17	21	
% tilsk. undervisn.	70	85	85	70	

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå

x) Inkl. skattar, overføringar, ekskl. kommunen si forr.drift

xx) Ekskl. kommunen si forretningsdrift

Tab. 1.7 Fullførte bustader i kommunane i perioden 1980-82

År	Kvinnherad	Jondal	Ullensvang	Kvam
1980	147	24	38	87
1981	98	18	49	64
1982	106	7	52	68
Snitt 77-82	132	11	35	70

Kjelde: Hordaland fylkesforsyningsnemnd

Bustadbehovet i Jondal er sett til 120 nye husvære i perioden 1984-95 (gardshus ikkje medrekna). Bustadbygginga vil for ein stor del føregå ved Herand og Jondal. Kapasiteten i dei tekniske anlegga er god i høve til byggjebehovet.

I Kvinnherad er rekna med eit byggjebehov på gjennomsnittleg 125 bustader pr. år i perioden 1978-90. Moglege nye bustadareal i kommunen var i 1979 sett til i alt ca. 1 480 daa. Ein stor del av desse areala ligg sentralt i kommunen, der kapasiteten i dei tekniske anlegga er god.

I Ullensvang er rekna med eit behov på ca. 60 bustader på strekinga Utne - Jondal grense i perioden 1979-90, og ein del bustadfelt er tilrettelagt.

Lokaliserte bustadfelt i Kvam, nærast anleggsområdet er Tørvikbygd, der det er tilrettelagt for ei bustadbygging som stettar behovet fram til 1987. I Norheimsund er tilrettelagt større bustadfelt. Nytt vassverk i Norheimsund kan forsyne 8 000 personar. Avlaupsanlegga er under sanering/utbygging.

I Jondal er 4 grunnskulekrinsar med ein samla elevkapasitet på 222, fordelt på 11 klassar. Samla elevtal i 1983/84 var 128, fordelt på 9 klassar. Elevkapasiteten i Jondal ungdomsskule er 150 (6 klassar). Elevtalet 1983/84 var på 75, fordelt på 4 klassar. I Jondal finst båtbyggjarskule under Norheimsund yrkesskule.

Grunnskulen i Kvinnherad er godt utbygd etter eit desentralisert mønster. Her finst tilsaman 23 grunnskulekrinsar med ein samla elevkapasitet på 2 343, og ein klassekapasitet på 1 477 (1981). Elevtalet i 1981/82 var på 1 477. I området Årvik - Rosendal/Uskedal er det i alt 7 skulekrinsar med god kapasitet. Det er ungdomsskule på Halsnøy, Husnes, Rosendal og Hatlestrand, og det er vedteke å byggja ut Åkra og Matre. Det er vidaregåande skule på Husnes og folkehøgskule på Halsnøy.

I Ullensvang er det i alt 7 barneskulekrinsar og 2 ungdomsskular, ein på kvar side av Sørfjorden (Kinsarvik og Hauso). Skulane er jamnt over nye og har overkapasitet.

I Kvam er det i alt 12 skular på grunnskulenivå med jamnt over stor nok kapasitet til dagens barnekull. Det er 3 ungdomsskular i kommunen. I Kvam finst elles følgjande vidaregåande skuletilbod:

- Folkehøgskule i Vikøy
- Norheimsund yrkesskule
- Øystese gymnas
- Strandebarm vidaregåande skule

2 BRUKSFORMER OG INTERESSER I VASSDRAGET

2.0 Is og vassstemperatur (kartbilag 10)

Isen på Vassendvatn blir ein del nytta til transport i samband med skogsdrift i området. Det er elles ikkje kjent at isen på elvar og vatn i vassdraga vert særleg nytta til transportføremål. På Vassendvatn og Vidalsvatn er det elles aktuelt å nytta isen under skiutfart, særleg på ettervinteren.

2.1 Naturvern

2.1.1 Eigenarten til området

Området inneheld eit mangfald av godt utvikla landformer som syner dei nedbrytande prosessane sin verknad på landutforminga fram til i dag.

Landskapstypen avvik ikkje frå det som er vanleg i regionen. Gamle, avrunda landformer representert ved flatenivå i høgffjellet står i sterk kontrast til yngre, skarpt markerte former danna ved omfattande breerosjon ved fleire nedisingar i kvartær tid.

Aktiv formutvikling går framleis føre seg under Folgefonna og mindre lokale brear i dei austlege delene av området.

Ei rad moreneryggjar innan området syner forlaupet i avsmelting under siste istid.

Området er geologisk relativt lite sårbart og er dei store relieffkontrastane til trass, rimeleg lett tilgjengeleg.

Berggrunnen i området tilseier middels til låg produktivitet.

Flora og vegetasjon har stort sett ei samansetjing som er typisk for dei delene av regionen "Sunnhordlands fjordstrøk" som er dominert av seintvitrelege og dels sure bergarter. I dei nordaustlege delene er berggrunnen stadvis noko rikare og plantelivet har enkelte stader innslag av noko meir krevjande arter.

Det er registrert arter og plantesamfunn som det truleg finst lite av på Folgefonnhalvøya.

Heile området har oseanisk prega vegetasjonssamansetjing.

Utvalet av vegetasjons- og naturtypar er relativt avgrensa. Rike utformingar er registrert, men berre på svært små området. Midlare og fattige plantesamfunn dominerer.

Innanfor området finst det ei mengd stølar og beitepåverknaden er tydeleg.

Fleire granplantingar finst på høvelege bonitetar.

Nedslagsfelta til Storelva og Haugsdalselva i Herand er uberørte område, bortsett frå reguleringa av Kvanngrovvatn.

Områda i Krossdalen er noko meir berørt av tekniske inngrep, både med reguleringar og anleggsvegar. Vatnet i dei høgtliggjande regulerte vatna vert overført til Mauranger.

2.1.2 Verneverdige og interessante område og førekomstar

Sjølv om området gjev eit godt bilete av utviklinga av ulike landformer, skråningsprosessar og breerosjon, har området sett frå geologisk synsstad relativt liten verneverdi.

Området er dårleg kjent botanisk.

Områda rundt Vassendvatn har typeverdi for regionen.

Enkelte små lokalitetar i Samladal har rikare vegetasjon som er regionalt interessante. Kalkelskande arter og plantesamfunn er det svært lite av på Folgefonnhalvøya, dette heng saman med dei geologiske tilhøva.

2.1.3 Referanseområde

Det har vore gjort geologiske undersøkingar i området i over 100 år.

Berggrunnsgeologisk er området mellom dei mest varierte og mangfaldige på Folgefonnhalvøya. Særleg er området frå Jonsteinen mot Samlen viktig for forståinga av dei geologiske prosessane, og kan representera eit referanseområde for regionen. Kvartærgeologisk har området liten verdi som referanseområde.

2.1.4 Vurdering av vassdraget i regional og nasjonal samanheng

Ut frå ei samla geologisk vernevurdering har Jondalsområdet liten verdi samanlikna med andre område på Folgefonnhalvøya, t.d.

Rosendalområdet. I botanisk samanheng vil verdien som typevassdrag truleg vera liten, pga. lite spreiding i utvalet av natur og vegetasjonstypar og at rike samfunn er sterkt underrepresentert.

2.1.5 Nærare undersøkingar

Sidan området og regionen botanisk sett er dårleg undersøkt, kan det visa seg at det i dei områda i Samladal som har kalkhaldig berggrunn, er lokalitetar med regionalt interessant flora og vegetasjon.

Dei botaniske tilhøva i nordre del av området bør granskast nærare, herunder også type- og referanseverdien av delområde og lokalitetar, før verneverdien av denne delen av området vert endeleg fastslegen.

2.2 Friluftsliv

2.2.1 Kor høveleg området er for friluftsliv

Nedbørsfeltet har vekslande natur. Krossdalen har eit for regionen relativt markant relieff og stor kontrastverknad. Krossdalen dannar ein naturleg innfallsport til Folgefonna og dei tilgrensande områda. Veggen opp dalen gjer det mogleg å nå område som elles ville vore vanskeleg tilgjengeleg.

Store deler av vassdraget er bra eigna til friluftsjakt og aktivitetar. Det er elles lite tilrettelagt for slike aktivitetar. Store deler av feltet er nærast uberørt natur, særleg i Herandsvassdraga. Dei mange små og mellomstore vatna eignar seg godt for sportsfiske frå land.

Krossdalen eignar seg godt til sightseeing, camping og resting langs vegen. Turen opp mot fonna er opplevingsrik. Frå den kulturpåverka og frodige dalen stig vegen raskt opp i eit goldt og breipåverka høgffjellsterreng med den mektige isbreen majestetisk i bakgrunnen.

Veggen blir brøytta opp til Vassdalsvatnet ved påsketider, og områda her eignar seg svært godt for skiturar på seinvinteren.

Innan nedbørsfeltet er det særskilt Krossdalen som er påverka av inngrep. Anleggsvegen til Folgefonna utgjer det mest synlege tekniske inngrepet i naturen. Nokre av vatna under breen er regulererte til vasskraftføremål.

2.2.2 Bruk

Hovudtyngda av bruken av feltet er lokalisert til Krossdalen og områda opp mot Folgefonna. Turistar og tilreisande tek turen med bil opp til enden av anleggsvegen og går vidare til fots til brekanten. På breen blir det dreve med skigåing heile året - også om sommaren.

Krossdalen er eit naturleg utgangspunkt for lengre breturar på langs av Folgefonna til Bergen Turlag si turisthytte, Fonnabu, på sørlege delen av fonna. Der er det mogleg å overnatta. Både frå Vetlavatnet ved Dravladalsvatn og frå Skarvabotnane skjer kryssing over til Sørfjorden.

Det blir dreve lite organisert friluftsliv lokalt. Vatna i området blir mest brukt av dei som har hytter der. Særleg Jondalselv, Storelv og vatna i Samladalen blir nytta til fiske. Området vert nytta til hjortejakt og småviltjakt. Utanom Krossdalen blir feltet mest brukt til friluftsliv i lokal samanheng. Nordre del av feltet (Storelvvassdraget) med hytter og stølar er her eit viktig brukarområde, særleg for busetnaden i Herand.

2.2.3 Vurdering

Sentrale deler av nedbørsfeltet er godt eigna til ulike friluftskategoriar i sommarsesongen og på seinvinteren. Naturen i nordlege delen av feltet er lite berørt av tekniske inngrep. Områda er viktige for friluftslivet i kommunen, i særleg grad for Herandsbygda, då busetnaden her ikkje har alternative nære turområde. Krossdalen er noko meir berørt av tekniske inngrep, men er lett tilgjengeleg. Øvre deler av Krossdalen samt Breiseteområdet, er viktige område for friluftsliv i kommunen, dessutan er området Krossdalen - Dravladalsvatnet klassifisert som eit friluftsområde av regional verdi.

Det finst neppe andre alternative friluftsområde på nordre del av Folgefonnhalvøya som kan sidestillast med Krossdalen og vassdraga her. Regionalt finst det andre tilkomstvegane til Folgefonna, men Krossdalen blir rekna som den lettaste.

Kommunikasjonane til Jondal vil etter kvart bli betre og staden vil truleg oppleve ein sterkare auke i turisttilstrøyminga. Krossdalen og områda opp mot breen vil i denne samanheng utgjera ein viktig attraksjon. Potensialet for framtidig bruk synest relativt gode. Området må vurderast som svært viktig ut frå friluftssinteressene.

2.3 Vilt (kartbilag 4)

2.3.1 Vilt og jakt

Hjort har forekommet regelmessig i området siden midten av 1950 årene. Sentrale vinterområder i nedbørsfeltet er området Svåsand - Samlen og Jonshorn. Ellers er området ved Vassendvatnet mye benyttet av hjort i parringstiden. Etter at reinstammen i området forsvant under utbyggingen av Mauranger kraftverk er det satt ut ny rein i området. Denne eies av Folgefonn reinslag som egentlig er et tamreinlag. I dag er vinterbestanden ca. 60 dyr. Disse har mye tilhold omkring Vidalsvatnet og Tostølsvatnet, der de også kalver. Rådyr og elg observeres som streifdyr.

Bjørn finnes med stor sannsynlighet fast i området, mens gaupe og jerv trolig forekommer sporadisk. En oterbestand i området har høy verdi vurdert ut fra artens generelle bestandssituasjon i Sør-Norge.

Skogshønsene forekommer i bra bestander, kanskje med unntak av storfugl som forekommer mere spredt. Bestandene av rovfugler og ugler synes å være bra i området. Ender og vadere hekker spredt i vassdraget, men det er ingen områder som utpreger seg spesielt. Det er trolig flere hekkeplasser for storlom i det berørte området. Spurvefuglfaunaen i området er dårlig kjent, men synes å være normal for regionen.

2.3.2 Representativitet

Alle tradisjonelt jaktede viltarter for regionen forekommer i området og det synes ellers å være bra bestander av rovdyr, rovfugl og ugler. Her er stor variasjon i biotopyper fra lavland til høyfjell.

2.3.3 Referanseverdi

Området er fra før sterkt påvirket av tekniske inngrep da hele området over ca. 900 m er berørt av Maurangerutbyggingen. I tillegg er Espelandsvatnet noe regulert i forbindelse med Eidefoss kraftverk. Det er tidligere ikke gjort systematiske studier av dyrelivet i området. Området har liten referanseverdi.

2.3.4 Produksjonsverdi

Jaktfeltenes minsteareal for hjort i kommunen er $1,5 \text{ km}^2$, det tildeles totalt ca. 50 fellingsløyver hvert år og av disse felles ca. 50 prosent. Av rein felles det 10 - 12 dyr hvert år. Av småvilt synes produksjonen av rypen å være relativt god. Produksjonen av vilt må betegnes som middels for regionen.

2.3.5 Bruksverdi

Det berørte området er i privat eie. Hjort og rein jaktes av grunneierne. I kommunen løses ca. 100 vilttrygdkort hvert år. Ved Flatabø er det jaktkortsalg for småviltjakt, forøvrig synes det som om grunneierne tillater småviltjegere å gå der de ønsker.

2.4 Fisk (kartbilag 5)

2.4.1 Generelt

Jondalselva er naturlig laks- og sjøaureførende i ca. 1,3 km. Fangstmengden er beskjedent. Almenheten kan få fiske ved å løse fiskekort.

I Jondalsvassdraget forøvrig fins det kun aure, unntatt i Eidevatn hvor det også er en bestand av røye.

Fiskebestandene er tettbefolkede og har en kvalitet under middels for Vestlandet. Det er anledning for almenheten til å fiske med stang i deler av vassdraget ved å kjøpe fiskekort.

I Storelvvassdraget fins det kun aure. Bestandene er tettbefolkede. Fisket er ikke organisert.

2.4.2 Områdets representativitet

Vassdragene er allerede berørt av kraftutbygging ved at de høyest beliggende områdene ikke lenger drenerer til Jondal og Herand. I Jondalsvassdraget betyr dette at det kalde blakkede brevatnet fra Folgefonna er blitt borte. Vanntemperaturen har økt.

Området er derfor ikke lenger representativt for denne regionen av Vestlandet.

2.4.3 Referanseverdi

Det er ikke kjent spesielle fiskeriforhold som tilsier stor referanseverdi i området.

2.4.4 Produksjonsverdi

Produksjonsforholdene for fisk er litt under gjennomsnitt for Vestlandet. Spesielt verdifulle næringsdyr er ikke påvist. De fleste vatna har trolig en avkastning på 2-3 kg/ha årlig. Totalt for vassdragene i Jondal og Herand, som inngår i de nye reguleringsplanene, er den årlige avkastningen i størrelsesorden 15.-20.000 kroner. For å nå dette mål må det settes i gang en kraftig utfisking (uttynning) med garn.

Laksetrapp i Haugsfossen vil ikke øke produksjonsmulighetene for laks- og sjøaureunger vesentlig, da ikke lakseførende elvestrekninger allerede er tatt i bruk som oppvekstområder for utsatt fisk.

2.4.5 Bruksverdi

Med unntak av lakse- og sjøaurefisket i Jondalselva er det liten utnyttelse av innlandsauren i dag, både når det gjelder sportsfiske og garnfiske. Dette kan endre seg ved å organisere fisket i området på en tilfredsstillende måte og sette i verk kulturtiltak. Spesielt skal nevnes at anleggsveiene i Jondal i forbindelse med Folgefonnverkene øker områdets tilgjengelighet. Om sommeren er det mange tursiter som bruker disse anleggsveiene og de kan danne basis for et økt sportsfiske, kanskje også med garn.

2.4.6 Samla_vurdering

Området er av middels stor verdi for fiskeinteressene.

2.5 Vassforsyning (kartbilag 6)

2.5.1 Brukarverdi

Her er tre vassdrag:

- A. Jondalselva
- B. Storelvi
- C. Haugselva

A. Jondalselva

Jondal vassverk har inntak i Stølselva og forsyner 450 personar.

Nedre Krossdalen vassverk har inntak i bekk/elv frå Krossdalen. Verket forsyner 40 personar + eit vatningsanlegg for 3-4 gardsbruk.

Øvre Krossdalen vassverk har inntak frå Bosvatn, forsyner 80 personar og eit vatningsanlegg for 8-10 gardsbruk. Dessutan er her 3 brønnar ved Byrkjeland som forsyner 15 personar.

B. Storelvi

Herand vassverk, med inntak i Storelvi, forsyner 250 personar + jordbruksvatning (privat vassverk).

C. Haugselv

Elva er vasskjelde for busetnaden på Haugen ved Herand. Denne private vassforsyninga dekkar ca. 8-10 hus, herav 5 gardsbruk og eitt gartneri. Elva blir også nytta til jordbruksvatning.

2.5.1 Alternative vasskjelder

A. Dette kan vera problematisk å finna - Jondalselva har dominerert som vassforsyningskjelde.

B. Ukjent. Der finst neppe tilfredsstillande alternativ til Storelvi.

C. Ukjent. Der finst neppe tilfredsstillande alternativ til Haugselva.

I figuren er vist hvordan de enkelte arbeidsoperasjoner kan passes inn i anleggsperiodens lengde sammen med prognose for gjennomsnittssysselsettingen over året. For de fleste operasjoner vil det være mulig å holde jevn aktivitet gjennom hele året.

Unntatt er dambyggingen, som må foregå i sommerhalvåret. Det forutsettes at denne går over 1 sesong. Det er betongdammer som skal bygges. Dette tilsier at sesongvariasjonene når det gjelder sysselsetting ikke behøver bli så store, i det den type arbeidskraft det her er tale om (stor andel maskinkjørere, sjåførere m.v.) kan sysselsettes ved andre deler av anlegget i vinterhalvåret.

4.12.2 Lokal rekruttering, flytting, pendling under anleggsperioden

Anleggsarbeidere og brakkepersonell:

Anlegget vil i stor grad etterspørre faglært arbeidskraft. For enkelte av disse kategorier, særlig tunnelarbeidere, kan det være vanskelig å skaffe nok folk med erfaring lokalt.

Vi antar følgende rekruttering regionalt:

- 50% av anleggsstyrken til kraftstasjoner, veger, dammer m.v.
- 25% av tunnelarbeidere
- 90% av brakkepersonell (kokker, serveringspersonale m.v.)

Den regionale rekruttering av anleggsarbeidere vil i så fall utgjøre ca. 3,2% av de som er sysselsatt i bygg og anlegg innenfor regionen i dag. Anlegget vil således være av liten betydning som bidrag til å opprettholde dagens eller øke sysselsettingsnivået i bygge- og anleggsbransjen.

Tab. 2: Gjennomsnittlig regional rekruttering pr. år

Type personale	Regional		Anleggsår			
	rekr. %	1	2	3	4	5
Brakkepersonale	90	9	9	8	8	0
Anleggsarbeidere	40	50	45	36	36	0
SUM	39	59	54	44	44	0

Anslagsvis vil 9-13 arbeidere de første par år flytte til regionen i skattemessig forstand, og da med familie. Disse vil fortrinnsvis flytte til Jondal.

Funksjonærer:

De fleste av gruppens medlemmer er spesialtrene folk som følger anlegg fra sted til sted. En kan anta at ca. 60% av disse flytter med sin familie til regionen i skattemessig forstand, da fortrinnsvis til Jondal.

Flesteparten av de som flytter inn med anlegget vil antagelig forlate kommunen når anlegget er ferdig, slik at effekten på kommunal økonomi m.v. blir relativt kortvarig.

4.12.3 Avledet sysselsetting

A. Under anleggsperioden

Ringvirkningene på regionnivå vil avhenge av flere forhold, som næringsstruktur, lokalisering og tilpassings-/konkurranseevne. I dette tilfelle forutsetter vi at det for hver anleggsarbeidsplass blir 0,10 arbeidsplasser i det øvrige næringsliv. For regionen som helhet vil dette utgjøre ca. 14 arbeidsplasser pr. år.

En usikkerhet i anslaget på +/- 50% vil utgjøre ca. +/- 6 arbeidsplasser for regionen som helhet.

B. Etter anleggsperiodens slutt

Størstedelen av denne virkningen vil være av midlertidig karakter, etter at anlegget er over vil disse arbeidsplassene falle bort. Anlegget er så lite og anleggstida så kort at det vil være vanskelig for annen virksomhet å utnytte vekstimpulsen fra anlegget til varig etablering. Utover dette antas kraftanlegget å gi varige arbeidsplasser for 1 person.

4.12.4 Fordeling av regional rekruttering og avledet sysselsetting på kommuner

Den regionale sysselsettingen vil fordele seg på flere av kommunene i dagpendlingsområdet. I tabell 3 har vi, ut fra den enkelte kommunes størrelse med hensyn til folketall og avstand til anlegget, anslått denne fordelingen. Fordelingen av innflytterne inngår også i tabellen.

Tab. 3: Fordeling av regional rekruttering, avledet sysselsetting og innflytting mellom kommunene

Kommune	Reg.rekr.	Sysselsetting pr. år				
	%-ford.	1	2	3	4	5
Jondal	25	19	18	14	14	0
Øvrige kommuner	75	56	52	42	42	0
SUM	100	75	70	56	56	0

4.12.5 Befolkningsutvikling

Beregnet befolkningsutvikling etter Statistisk Sentralbyrås framskrivningsmetode er vist i kap. 1.2. Anlegget vil ikke være årsak til store avvik fra dette.

4.12.6 Lokal handelsetterspørse

A. Under anleggsperioden

Anleggsvarer:

Deler av anleggswarene, som trelast, sand, sement m.v., vil kunne leveres fra bedrifter i regionen. Vi forutsetter at 10% av anleggswarene leveres fra regionen. Samlet svarer dette til en omsetningsverdi for regionen på ca. 11,0 mill.kr. Omsetningen vil være fordelt over hele anleggsperioden, med noe variasjon fra år til år avhengig av anleggsaktivitet.

Dagligvarer og øvrige forbruksvarer:

For regionen vil anlegget føre til en omsetningsøkning for disse varer på ca. 3,1 mill.kr. pr. år, med noe variasjon fra år til år avhengig av anleggsaktivitet. Kvinnherad vil få størstedelen av denne omsetningen.

B. Etter anleggsperiodens slutt

Situasjonen vil være omtrent som beskrevet under 4.12.3 punkt B.

4.12.7 Virkningene for kommunal økonomi

A. Under anleggsperioden

Inntektsskatt:

De kommunale skatteinntekter vil variere fra år til år, avhengig av anleggsaktivitet. For hele regionen vil anlegget gjennomsnittlig gi ca. 0,5 mill.kr. i skatteinntekter pr. år over 4 år.

Dette vil fordele seg på kommunene omtrent slik:

Jondal	0,1 mill.kr. pr. år
Øvrige kommuner	0,3 mill.kr. " "

For alle kommunene vil skatteinntektene utgjøre en liten andel av dagens skatteinntekter, mindre enn 24%.

Skatteøkningen vil ikke overstige de skatteutjamningsmidler kommunene i dag får. Den økonomiske effekt for kommunen kan dermed bli liten, idet en risikerer at skatteutjamningsmidlene skjæres ned tilsvarende. Dessuten er det mulig at de kommunale utgifter øker, dersom innflytting medfører behov for kommunale investeringer.

B. Etter anleggsperiodens slutt

Inntekts-, formues- og eiendomsskatt fra kraftanlegg:

Anleggets bruttoformue er beregnet til ca. 165,5 mill.kr. Omtrent hele nedslagsfeltet ligger i Jondalkommune, og de årlige skatteinntekter for denne kommunen vil utgjøre:

Inntektsskatt fra ansatte	0,0 mill.kr. pr. år
Formueskatt fra kraftanlegg	0,8 mill.kr. " "
Inntektsskatt fra kraftanlegg	0,6 mill.kr. " "
Evt. eiendomsskatt	<u>0,3-1,2 mill.kr. " "</u>
SUM skatteinntekter	<u>1,7-2,6 mill.kr. pr. år</u>

Eventuelt bortfall av skatteutjamningsmidler og reduksjon av tilskottsprosenten til undervisning fra 85 (idag) til f.eks. 85, vil innebære følgende inntektstap:

Skatteutjamningsmidler	2,6 mill.kr.
Undervisning	<u>0,0 mill.kr.</u>
SUM inntektstap	<u>2,6 mill.kr.</u>

Netto inntektsøkning fra kraftanlegget vil kunne bli tilnærmet lik null.

Ved innføring av nytt inntektssystem er det vanskelig å si hvordan nettoeffekten for kommunen blir. De sektorvise tilskott (bl.a. til undervisning) til kommunen vil antagelig forbli upåvirket av kraftutbyggingen, mens derimot det generelle tilskott kan bli redusert som følge av at kommunens egne skatteinntekter øker.

Næringsfond:

Konsesjonsavgift er ikke beregnet. Disse utgjør normalt 15-20% av skatteinntektene for kraftverket. Foruten skatter og konsesjonsavgifter kan det gjøres avtaler om spesielle tilskudd. Disse kan utformes alt etter de behov som er tilstede og den fantasi kommunen kan vise i sine krav.

Tradisjonelt opprettes det fond beregnet på tilskudd til næringsdrivende. Særlig vanlig er jordbruksfond som gir tilskudd til nydyrking, vanningsanlegg osv. Etterhvert har det også blitt alminnelig å lage industrifond eller bare næringsfond. Dette kan bidra til å skaffe ny virksomhet til distriktet.

5 OPPSUMMERING

5.0 Kort utgreiing om prosjektet

Prosjektet ligg i Jondal kommune i Hordaland (Ytre Hardanger) og omfattar følgjande vassdrag på nordre del av Folgefonnhalvøya:

Herands- og Haugsdalsvassdraget som munnar ut i Hardangerfjorden ved Herand.

Jondals-, Gryttings- og Vassendvassdraget som renn saman i Jondalselv og munnar ut i Hardangerfjorden ved Jondal.

Området grensar opp til nedslagsfeltet for Mauranger kraftverk. Dravladalsvatn i feltet til Jondalselv og Kvanngrøvatn i feltet til Storelvi er overført til Mauranger kraftverk. Ein mindre del av nordre felt ligg i Ullensvang kommune.

Eidesfoss kraftverk (kommunalt) som utnyttar fallet mellom Espe-landsvatn og Eidevatn i Jondalselv er føresett nedlagt ved evt. utbygging av Svåsand kraftverk.

Det er føreslege følgjande utbyggingsplan for nemnde vassdrag:

Avlaupet frå Gryttingsvatn er planlagt overført til Vassdalsvatn og vidare i tunnel til Vassendvatn. Brattebøelva (tillaupselv til Jondalselv) blir teke inn på tunnelen. Storelvi blir overført til Vatnasetvatn og vidare til Vassendvatn i eit elveuttak på kote 480. Frå Vassendvatn blir vatnet teke inn på driftstunnel til kraftstasjonen ved Svåsand med avlaup til Hardangerfjorden.

I Jondalselva blir berre Vassendvatn regulert ved 3 m senking. I Storelvi blir Tostølvatn regulert ved 35 m senking, og Vidalsvatn ved ei senking på 8,0 m. Samla magasinivolum blir ca. 22,3 mill.m³. (Magasinprosent 12,8.)

Mogleg magasinering er dårleg, og det er berre rekna med senkingsmagasin. Utnyttet felt totalt er på ca. 71,9 km².

Data for Svåsand kraftverk:

Midlere brutto fallhøgd (m)	435
Maks. slukeevne v/midler fall (m ³ /s)	9,3
Installasjon (MW)	35
Midlere produksjon (GWh/år)	151
Utbyggingskostnad (kr./kWh)	1,83
Kostnadsklasse	IIB
Byggjetid (ca. år)	4

5.1 Konsekvensar ved utbygginga

Redusert vassføring

I alt blir 173,9 mill.m³ vatn pr. år fjerna frå hovudvassdraga.

Middelvassføring over året (m³/s):

Elv	Før reg.	Etter reg.	Red. %
Jondalselv v/utlaup i fjorden	ca. 6,0	ca. 3,0	50
Storelvi " "	" 3,3	" 0,5	80
Haugselv " "	" 0,4	" 0,2	50

Middelvassføring etter utbygging vil bli 0-reduert vassføring frå inntaka/magasina til fjorden.

Elvestrekningar med redusert vassføring:

Jondalselva	ca. 10,2 km
Storelvi	" 5,2 km
Haugselva	" 3,0 km

Sideelwane til Jondalselva nedanfor Gryttingsvatn, Vassdalsvatn og Vassendvatn vil få sterkt redusert vassføring.

Neddemming av areal

Neddemming av areal er ikkje aktuelt, då det berre er tale om senkingsmagasin.

Anleggsvegar, tippar, kraftliner

Det er rekna med å byggja anleggsvegar ved Vassdalsvatn, Vassendvatn og stasjonsområdet, i alt ca. 6,0 km. Eksisterande stølsveg frå Krossdalen til Vassendvatn er føresett utbetra.

Tippar vil bli plassert i nærleiken av tunnelpåhogga, m.a. på sørsida av Vassendvatn. Ein stor del av massane er planlagt tippa i sjøen og under normalvasstanden i Vassdalsvatnet.

Det er ikkje rekna med vesentleg bygging av nye kraftliner. Eksisterande liner vil bli ombygd til 66 kV.

Is og vassstemperatur

Redusert ellevassføring og bortføring av smeltevatn medfører høgare temperatur på restvassføringa om sommaren. Variasjonane over døgeret vil og bli større enn i dag.

Dei vatna som får overført vatn får lågare temperatur om vinteren på grunn av gjennomstrøyming.

Istilhøva på dei regulerte vatna kan bli dårlegare enn i dag og ferdsla på vatna kan bli vanskelegare.

Elvestrekningar med redusert vassføring kan bli islagt tidlegare om hausten, og istilhøva kan bli meir stabile gjennom vinteren.

Klima

Reguleringa kan føra til litt lågare vintertemperatur ved Eide - vatn i Jondalselv. Nedsenking av Tostølvatn vinterstid kan føra til lågare temperatur ved isflata. Over åpen råk på Vassendvatn kan det danna seg frostrøyk.

Elvestrekningane vil ikkje få lokale klimaendringar, bortsett frå ved sjølve elvebreidda.

Det vil ikkje bli merkbare klimaendringar langs den aktuelle strekninga av Hardangerfjorden.

Naturvern

Området er interessant berggrunnsgeologisk. Geologiske verneinteresser i regionen synest imidlertid ikkje å bli negativt influert av ei eventuell utbygging.

Dei berørte nedbørsfelt har truleg liten verdi som typevassdrag for regionen. Nordre nedslagsfelt er nærast urørt og området bør nærare undersøkast og vurderast med omsyn til verdi som naturtypeområde. Med noverande kunnskapsgrunnlag synest konsekvensane av utbygginga å bli små for botaniske verneinteresser.

Friluftsliv

Naturinngrepa vil redusera verdien av oppleving og bruk, som er sterkt knytt til elvane og vatna i området.

Det regionalt viktige friluftsområdet i Krossdalen, nordre hovudinnfallsport til Folgefonna, vil bli ytterlegare berørt av tekniske inngrep.

Fleire delområde i vassdraga, som i dag er lite berørt, vil få inngrep av ulike slag. Særleg vil det nærast urørde området i Samladal få redusert opplevingsverdi og lokal brukarkonflikt. Gode fiskeplassar langs Jondalselv og Storelvi kan gå tapt og fiskeinteressene i berørte vatn vert skadelidande.

Vilt

Representativitets- og referanseverdiar vil gå tapt. Vesentlege inngrep skjer i eit viktig kalvings- og vinterområde for rein. Storlom vil få øydelagt sine hekkeplassar. Turrlegging av betydelege elvestrekningar vil gjera at oter vil bli sterkt skadelidande. Dette, saman med generelle effektar av naturinngrep, slik som vegar, tippar, kanalar og tunnelpåhogg, vil forringa området sin produksjonsverdi. Brukarverdi i tradisjonell jaktsamanheng vil truleg berre i liten grad bli forringa.

Fisk

Jondalselva er laks- og sjøaureførande i ca. 1,3 km. I Jondalsvassdraget elles finst berre aure, bortsett frå i Eidevatn der det også er ein bestand av røye. Fiskebestandene er tettbefolka og har kvalitet under middels for Vestlandet.

I Storelvvassdraget finst det berre aure. Bestanden er tettbefolka.

Ulempene er sterkast knytt til elvestrekningane ved regulering etter skisserte planar. Utan tiltak vil laksen forsvinna frå Jondalselv, medan elva nok vil produsera ein del sjøaureungar. Mogleg utsetting av laks- og sjøaureungar ovanfor Haugsfoss vil bli sterkt redusert.

Dei berørte vatna vil langt på veg oppretthalda dagens produksjon og brukarverdi, bortsett frå Tostølvatn. Tostølvatn kan avskrivast som sportsfiskevatn.

Representativitet og referanseverdi fell elles langt på veg bort når det gjeld fisk.

Vassforsyning

I Jondalsvassdraget er i alt 3 vassverk som forsyner ca. 570 personar i Jondal og Krossdalen med vatn. Frå vassverka i Øvre- og Nedre Krossdalen er det også vassuttak til landbruksvatning. Herand vassverk har uttak i Storelvi og forsyner ca. 250 personar. I Haugselva er vassuttak for busetnaden ved Haugen, 8-10 hus, (gardsbruk og gartneri).

Utbygginga vil medføra sterk reduksjon i vasstilførsel til dei etablerte vassverka, og det er vanskeleg å finna moglege alternative forsyningskjelder i området.

Nedre Krossdalen vassverk vil kunne få tilstrekkeleg vassføring etter regulering, men vasskvaliteten blir truleg dårlegare.

Vassforsyningsinteressene i området må sikrast, evt. ved tilfredsstillande restvassføring i dei aktuelle elvane. Dette må undersøkjast nærare.

Vern mot forureining

Jondalselva, Storelvi og Haugselva tener som resipientar for ein del av busetnaden langs elvane ved utslepp via infiltrasjon i grunnen. I tillegg kjem avrenning frå jordbruksområda.

Resipienttilhøva vil bli sterkt forringa ved utbygging. Spesielt vil avrenning frå jordbruket kunne skapa problem i vassdraga, særleg i Jondalselva og Storelvi. I Storelvi kan også infiltrasjon frå busetnaden kunne skapa problem i elvelaupet. Reduksjon av vassføringa i Jondalselv kan også verka ugunstig på resipienttilhøva i sjøbukta ved utlaupet, der det er utslepp frå 120 hushald og Jondal skule (220 elevar).

Av omsyn til resipienttilhøva vil det vera behov for ei viss minstevassføring i dei 3 hovudelvane, og dette må undersøkjast nærare.

Kulturminnevern

Her er fleire sjeldne og spesielt interessante kulturminne, m.a. eit stort tal kleberbrot, spesielle tunanlegg og ei bevart oppgangssag. Det er også registrert mange stølsanlegg. Ein del kulturminne vil bli direkte berørt, og dei indirekte skadane kan bli betydelege pga. endringar i landskapet.

Jord- og skogbruk (kartbilag 9)

Utbygginga vil i liten grad medføra direkte inngrep i jord- og skogbruksareal.

På grunn av sterkt redusert vassføring i hovudelvane vil grunnvasstanden for dei nærast tilgrensa areala gå ned. Dette kan medføra at avlingane i dei mest utsette områda kan bli mindre, særleg i Krossdalen.

Vatningsanlegga i Øvre Krossdalen vil truleg gå tapt. Herand og Haugen/Vik vil missa vassforsyningskjeldene i Storelv og Haugselv, og dette vil også gå ut over landbruket i området.

Tap av Storelvi som sjølvgjærde, og open kanal ved Fodnasetvatn vil vera til ulempe for beiting av dyr i området.

Ei evt. auke i flaumtoppane i Jondalselva pga. overføring av felt frå Storelvvassdraget vil vera svært uheldig for landbruket.

Landbruket kan ha visse føremonar av opprusting av eksisterande stølsveg til Vassendvatn og bygging av anleggsvegar i området. Reguleringa kan verka positivt på flaumutsette område ved Herandsvatnet.

Framtidig vassforsyning/vatningsanlegg må sikrast, evt. ved bygging av nye anlegg.

For jordbruket kan Vassendvatnet, Espelandsvatnet og Herandsvatnet vera alternative forsyningskjelder for nye vatningsanlegg. Det bør byggjast tersklar i hovudelvane og ei viss minstevassføring bør oppretthaldast.

Tap av elvar som sjølvgjærde må kompensierast.

Reindrift

Det er ikkje reindriftinteresser i området.

Flaum- og erosjonssikring

Svåsand kraftverk utnyttar felt i Jondalselv. Samstundes blir felt i Storelvi overført til Jondalselv. Virkningane av dette under haustflaum bør undersøkjast. Ytterlegare auke av flaumtoppane i Jondalselv vil vera svært uheldig. I samband med tidlegare reguleringar av Jondalselv er Statskraftverka pålagt visse senkings- og forbyggingsarbeid.

Erosjonsproblem i Storelvi er ikkje kjent.

Reguleringa vil verka positivt når det gjeld flaumar i Storelvi og overfløyning av områda ved Herandsvatn.

Transport

Isen på Vassendvatn vil truleg ikkje kunne nyttast til transport av ved og tømmer etter regulering.

Påtenkte anleggsvegar i området vil kanskje kunne kompensera noko av dette.

Det er elles ikkje spesielle transportinteresser i vassdraga som blir skadelidande.

Regional økonomi

Ei utbygging av kraftprosjektet vil få relativt liten verknad for den regionale økonomien. For Jondal kommune kan situasjonen bli slik:

Inntekts-, formue- og eigedomsskatt frå kraftanlegget kan bli mellom 1,7 og 2,6 mill.kr. pr. år. Dette overstig det kommunen mottek i skatteutjamningsmidlar idag. Eventuelt bortfall av desse midlane saman med reduksjon av tilskotsprosenten til undervisning, kan likevel medføre at nettoeffekten blir noko mindre. Inntekten frå årlege konsesjonsavgifter og eventuell vinst ved uttak av konsesjonskraft kjem i tillegg til netto skatteinntekter.

Anlegget vil under utbyggingsperioden på 4 år i gjennomsnitt kunne sysselsetta ca. 50 personar frå Jondal kommune og regionen elles. Det kan bli 1 varig arbeidsplass ved kraftanlegget.

Prosjekt: Svåsand

Alternativ:

Vassdrag: Jondalselv

Fylke: Hordaland

Kommunar: Jondal

Maks. yting (MW): 35

Spesifikk kostnad (kr./kWh): 1,83

Midlare årsproduksjon (GWh/år): 151

Kostnadsklasse: II B

Brukerinteresse/tema	1 Verdien til området før utbygging	2 Førebelse konsekvensar av evt. utbygging	3 Data-grunnlag	4 Merknadar
Naturvern	*	Små neg.	C	Molege endr. v. nærare bot. undersøkn. i Storelva.
Friluftsliv	***	Middels neg.	B	
Vilt	*	Middels neg.	C	- Krossdalen regionalt - Stordalen lokalt
Fisk	**	Store neg.	A	
Vassforsyning		Svært store neg.	B/C	
Vern mot ureining		Svært store neg.	B/C	
Kulturminnevern	****	Store neg.	B/C	
Jord- og skogbruk		Store neg.	B	
Reindrift				Ingen intr. i området
Flaum- og erosjonssikring		Små pos.	C	
Transport		Små neg.	C	
Is og vasstemperatur		Middels neg.	C	
Klima		Ingen	C	


Regionaløkonomi Anlegget vil under utbyggingsperioden på 4 år i gjennomsnitt kunne sysselsetja ca. 50 personar frå regionen. Det kan bli 1 varig arbeidsplass ved kraftanlegget. Jondal kan få ein brutto auke i skatteinntektene på mellom 1,7 og 2,6 mill. kr. pr. år etter anleggsperioden.

1 Verdien av området før utbygging: Syner ei klassifisering av den generelle verdien/bruken av prosjektområdet som ikkje er bunden til prosjektet. Denne områdevurderinga er eit naudsynt utgangspunkt for fleire interesser, t.d. naturvern og friluftsliv når dei skal vurdere konsekvensane av ei evt. utbygging.

Klassifiseringsnøkkel:

- **** Svært høg verdi
- *** Høg verdi
- ** Middels verdi
- * Liten/ingen verdi

2 Førebelse konsekvensar av evt. utbygging: Desse konsekvensvurderingane er førebelse og basert på ei vurdering av prosjektet isolert. Konsekvensvurderingane vil/kan for fleire interesser/tema endra seg når prosjektet blir vurdert saman med andre prosjekt i Samla Plan. Følgjande klassifiseringsnøkkel blir brukt:



3 Klassifisering av datagrunnlag.

Følgjande klassifiseringsnøkkel blir brukt:

A: Svært godt. B: Godt. C: Middels. D: Mindre tilfredsstillande.

6 KJELDER

Denne vassdragsrapporten byggjer på følgjande fagrapportar:

Is og vassstemperatur: Utarbeidd av førstehydrolog Arve M. Tvede, NVE, Iskontoret (1982/83).

Klima: Utarbeidd av statsmeteorolog Knut Harstveit, Det norske Meteorologiske Institutt (1982/83).

Naturvern: Utarbeidd av viltkons. Tore Løne og kons. Nils Valland, Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavd. (1983/84).

Friluftsliv: Utarbeidd av konsulent Jan Sørensen (eng. av Miljøverndepartementet) (1982)

Vilt: Utarbeidd av forskar John Atle Kålås, DVF, Trondheim.

Fisk: Utarbeidd av Fiskerikonsulenten i Vest-Norge (1982/83).

Vassforsyning og vern mot forureining: Utarbeidd av fylkesing. Haakon Kryvi, Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvern-avdelinga (1983).

Kulturminnevern: Utarbeidd av prosjektleiar Anne-Berit Ø. Borchgrevink, Miljøverndepartementet (1983).




Jordbruk og skogbruk: Utarbeidd av Fylkeslandbrukskontoret i Hordaland v/fylkesagronom Olav S. Namtvedt (1983).


Flaum- og erosjonssikring: Utarbeidd av sjefsing. Haakon Haga, NVE, Forbyggingsavdelingen (1983).

Kap. 3 Vasskraftprosjektet: Utarbeidd av siv.ing. Chr. Grøner (1984).

Kap. 4.12 Regional økonomi: Utarbeidd av Asplan A/S, Sandvika, Oslo (1983/84).

For opplysningar om primærkjelder kan visast til fagrapportane.






TEGNFORKLARING		
OMGÅEN DER VESSENTLIG KONFLIKT KAN OPPSTÅ MARKERES MED RØDT		
MYE BRUKT STI	PLANLAGT HOTELL	UTSIKTSPUNKT
MYE BRUKT SKIØYPE	HYTTEFELT	BADEPLASS
LYSØYPE	PLANLAGT HYTTEFELT	STREKNING MED PADLEINTERESSE
SKITREKK	UTLEIEHYTTER	SPESIELLE FRILUFTSTILTAK
P PARKERINGSPLASS	CAMPINGPLASS	VERDIFULLT FRILUFTSOMRÅDE
HOTELL/PENSJONAT		SÆRPREGA OG VARIERT LANDSKAP
TURISTHYTTE		

TEGNFORKLARING TIL UTBYGGINGSPROSJEKTET FINNES I KARTBILAG NR 1

SAMLET PLAN FOR VASSDRAG	
Hordaland: SVÅSAND 208 JONDALSELVA	
TEMANAVN:	Målestokk: 1:100 000.
FRILUFTSLIV	0 1 2 km
Kartbilag nr. 3	KARTUTFORMING/REPRO: «Prosjekt Temakart, Telemark». Bo Papir og Trykk, Bo i Telemark.
Basiskart: NGO, serie M711, blad 1315 III og IV	TRYKK: Norges Geografiske oppmåling.



TEGNFORKLARING

områder som vesentlig konflikt kan
oppstå markeres med rødt

Se: H H

VIKTIG VILTMÅRÅDE:



FUGL



PATTEDYR

ANTYDET BIOTOP UTEN AVGRENSNING



TREKKVEG FOR STORVILT



VILTARTER:

REGISTRERTE ARTER ER UNDERSTREKET

E ELG	RY RYPE
R RÅDYR	LR <u>LIRYPE</u>
H <u>HJORT</u>	FR <u>FJELLRYPE</u>
V <u>VILLREIN</u>	SF SKOGSFUGL
B BEVER	ST <u>STORFUGL</u>
Ha HARE	OF <u>ORRFUGL</u>
O OTER	JE JERPE
	VA VADERE
LO <u>LØMMER</u>	MÅ MÅKER OG TERNER
GH GRÅHEGRE	AF ALKEFUGL
AN ANDEFUGLER	DU DUER
SV SVANER	SPE SPETTER
GJ GJESS	SP SPURVEFUGL
EN ENDER	KF KRÅKEFUGL
DY DYKKERE	FK FOSSEKALL

FUNKSJON:

å HELÅRSOMRÅDE
\$ SOMMEROMRÅDE
h HØSTOMRÅDE
v VINTEROMRÅDE
vå VÅROMRÅDE
+ LOKALT VIKTIG OMRÅDE
++ REGIONALT VIKTIG OMRÅDE
+++ NASJONALT VIKTIG OMRÅDE

TEGNFORKLARING TIL
UTBYGGINGSPROSJEKTET
FINNES I KARTBILAG NR. 1

SAMLET PLAN FOR VASSDRAG

Hordaland: SVÅSAND
208 JONDALSELVA

TEMANAVN:

VILT


Kartbilag nr. 4

Målestokk: 1:100 000.

0 1 2 km

KARTUTFORMING/REPRO:
«Prosjekt Temakart, Telemark»
Bø Papir og Trykk, Bø i Telemark.

TRYKK:
Norges Geografiske oppmåling.



TEGNFORKLARING

OMRÅDER DER VESENTLIG KONFLIKT KAN
OPPSTÅ MARKERES MED RØDT

Eks: G ★

VANNFORSYNING:

- V ■ VANNBEHANDLINGS-
ANLEGG, BYGGET
- V □ VANNBEHANDLINGS-
ANLEGG, PLANLAGT
- A ALKALISERING
- F FULLRENSNING
- D DESINFISERING
- I INFILTRASJON
- 40 DIMENSJONERING I
PERSONEKVIVALENTER
- V ● VANNVERKSINNTAK,
BYGGET
- V ○ VANNVERKSINNTAK,
PLANLAGT


























































































































































































































































































SAMLET PLAN FOR VASSDRAG

Hordaland: SVÅSAND
208 JONDALSELVA

TEMANAVN:

VANNFORSYNING

Kartbilag nr. 6

Målestokk: 1:100 000.


0 1 2 km

KARTUTFORMING/REPRO:
«Prosjekt Temakart, Telemark».
Be Papir og Trykk, Be i Telemark.

TRYKK:
Norges Geografiske oppmåling.

Basiskart: NGO, serie M711, blad 1315 III og IV

TEGNFORKLARING TIL UTBYGGINGSPROSJEKTET FINNES I KARTBILAG NR 1



TEGNFORKLARING

OMNÅDER DER VESENTLIG KONFLIKT KAN
OPPÅA JONNERS MED RØDT

Eks:

FORURENSNING:

- A** ■ AVLOPSRENSSEANLEGG, BYGGET
- A** □ AVLOPSRENSSEANLEGG, PLANLAGT
- K** KJEMISK RENSE-PROSESS
- M** MEKANISK RENSE-PROSESS
- B** BIOLOGISK RENSE-PROSESS
- 20** DIMENSJONERING I PERSONEKVIVALENTER
- UTSLIPP, ETABLERT
- UTSLIPP, PLANLAGT

- RENSEDISTRIKT, ETABLERT
- RENSEDISTRIKT, PLANLAGT
- S** ▼ SLAMDEPONI, BYGGET
- S** ▼ SLAMDEPONI, PLANLAGT
- AF** ▼ AVFALLSPASS, BYGGET
- AF** ▼ AVFALLSPASS, PLANLAGT
- ELVESTREKNING/INNSJØ UTSAATT FOR DIFFUST TILSIG AV FORURENSNINGER
- GRUVER

VANNFORSYNING:

- V** ■ VANNBEHANDLINGS-ANLEGG, BYGGET
- V** □ VANNBEHANDLINGS-ANLEGG, PLANLAGT
- 30** DIMENSJONERING I PERSONEKVIVALENTER
- A** ALKALISERING
- F** FULLRENSING
- D** DESINFISERING
- I** INFILTRASJON
- ETABLERT GRUNNVANNSUTTAK
- PLANLAGT GRUNNVANNSUTTAK
- i** INFILTRASJON
- S** SELVMATENDE

SAMLET PLAN FOR VASSDRAG

Hordaland: **SVÅSAND**
208 JONDALSELVA

TEMANAVN:

VERN MOT
FORURENSNING


Kartbilag nr. 7

Målestokk: 1:100 000.

0 1 2 km

KARTUTFORMING/REPRO:
«Prosjekt Temakart, Telemark»
Be Papir og Trykk, Be i Telemark.

TRYKK:
Norges Geografiske oppmåling.



TEGNFORKLARING

OMRÅDER DER VESENTLIG KONFLIKT KAN
OPPSTÅ MARKERES MED RØDT

Eks:

- | | | |
|---|---|--|
| ▲ STEINALDERLOKALITET | ● FANGSTANLEGG FOR REIN/ELG | 🏠 FJELLSTUE, TURISTSTASJON, HOTELL, JERNBANESTASJON, HANDEL, MARKEDSPASS |
| ■ GÅRDSANLEGG, TUFT, BOPASS, GÅRDSSHAUG, ØDEGÅRD | ✕ BOGASTILLE / ANLEGG | 🏫 SKOLE, FORSAMLINGSLOKALE, KIRKE, KAPELL, BEDEHUS |
| ▣ GAMME, GAMMETUFT, TELTBOPASS | ⚙️ TEKNISKE ANLEGG I REIN-DRIFT, SAMLEGGJERDER M.M. | Ω GRENSEMERKE MILESTEIN, VEIMERKE LANDEMERKE, VARDE |
| 🏠 JAKTBU, FISKBU, KOIE, KVILEBU, HYTTE, NAUST DAMSTUE, M.M. | ◇ TJ/EREMILE | ○ ANDRE KULTURMINNER (SE TEKST KAP. 2) |
| 🏠 HELLER/HULE, TUFT, KOLGROP, RASTEPLASS, HVILEPLASS | ◆ JERNVINNEPlass | — VEGFAR, STI, GAMMEL FLYTTEVEG |
| 🏠 SETER, SOMMERFJØS | ◆ KOLMILE, KOLOVN KOLBONN | ▨ ANTATTE KULTURMINNE-INTERESSER, FUNNSTEDER (SE TEKST KAP. 2) |
| 🏠 SETERTUFT, ØDESTØL | ✓ STEINBRUDD, KVARTSITTBRUDD, SKJERP M.M. | ▨ MILJØ, LANDSKAP, KONSENTRASJON AV KULTURMINNER |
| 🏠 SLÅTTEMARK, UTØE, ENGLØE, STAKKESTANG | ⚙️ GRUVE, SMELTEOVN, ANNEN INDUSTRI | |
| ✕ FISKEPlass, FAST FISKE-INNRETNING | ⚙️ TØMMERFLØTINGSANLEGG, ELVEFORBYGNING, M.M. | |
| ★ GRAYMINNER, HAUG, RØYS, KAMMER, BAUTASTEIN M.M. | ☀️ VASS-SAG, BEKKEVERN, GÅRDSVERN, MØLLE, STAMPE, VASSDREVEN KORNTORKE, ANDRE VASSDREVNE INNRETNINGER | TALL (EKS.6) = ANTALL OBJEKTER |
| ☆ HELLERISTNINGER, SKÅLGROPER, OFFERPLASSER, HELIG FJELL | ☀️ ELDERE KRAFTVERK | |
| 🌟 BYGDEBORG, FORSVARSANLEGG | ☀️ BRU, VADESTED | |
| ● FANGSTGRAV FOR REIN/ELG, KJØTTGJEMME | | |

TEGNFORKLARING TIL UTBYGGINGSPROSJEKTET FINNES I KARTBILAG NR 1

SAMLET PLAN FOR VASSDRAG

Hordaland: **SVÅSAND**
208 JONDALSELVA

TEMANAVN:

KULTURMINNEVERN

Kartbilag nr. 8


Målestokk: 1:100 000.

0 1 2 km

KARTUTFORMING/REPRO:
«Prosjekt Temakart, Telemark»
Bo Papir og Trykk, Bo i Telemark.

TRYKK:
Norges Geografiske oppmåling.

Basiskart: NGO, serie M711, blad 1315 III og IV



TEGNFORKLARING		FLOM/EROSJON/TRANSPORT
OMRÅDER DER VESENTLIG KONFLIKT KAN OPPSTÅ MARKERES MED RØDT		

TEGNFORKLARING TIL UTBYGGINGSPROSJEKTET FINNES I KARTBILAG NR 1

TEGNFORKLARING		LANDBRUK
OMRÅDER DER VESENTLIG KONFLIKT KAN OPPSTÅ MARKERES MED RØDT		


TEGNFORKLARING TIL UTBYGGINGSPROSJEKTET FINNES I KARTBILAG NR 1

TEGNFORKLARING		REINDRIFT
OMRÅDER DER VESENTLIG KONFLIKT KAN OPPSTÅ MARKERES MED RØDT		

TEGNFORKLARING TIL UTBYGGINGSPROSJEKTET FINNES I KARTBILAG NR 1

SAMLET PLAN FOR VASSDRAG	
Hordaland: SVÅSAND	
208 JONDALSELVA	
TEMANAVN: <u>LANDBRUK</u>	Målestokk: 1:100 000.
REINDRIFT	0 1 2 km
FLOM- OG	KARTUTFORMING/REPRO: «Prosjekt Temakart, Telemark, Be Papir og Trykk, Be i Telemark.
EROSJONSSIKRING	TRYKK: Norges Geografiske oppmåling.
Kartbilag nr. 9	

Basiskart: NGO, serie M711, blad 1315 III og IV



TEGNFORKLARING	
IS	
	STREKNINGER DER IS-PROBLEM SOM OPPSTUING, ISGANG ETC. VIL BLI MINDRE ELLER HELT BORTE ETTER UTBYGGINGEN
	STREKNING SOM VIL KUNNE FÅ ØKT ISOPPSTUING, ISGANG ETC. ETTER UTBYGGING
	OMRÅDER SOM VAR ISFRI FØR UTBYGGINGEN, MEN SOM FÅR NOE ISDANNELSE ELLER BLIR DELVIS ISLAGT ETTER
	OMRÅDER MED STABILE ISFORMER FØR UTBYGGINGEN, USTABILE ELLER MANGLENDE ISLEGGING ETTER
	OPPSPRUKKEN IS I STRANDSONEN SOM VANSKE LIGGJØR TRANSPORT
	FJORDOMRÅDER SOM VIL FÅ ØKT ISDANNELSE ETTER UTBYGGINGEN
TEGNFORKLARING TIL UTBYGGINGSPROSJEKTET FINNES I KARTBILAG NR 1	

TEGNFORKLARING	
KLIMA	
	MULIGHET FOR MER FROSTØYK OG RIM LANGS ELVESTREKNINGER OG VATN
	MULIGHET FOR MINDRE FROSTØYK OG RIM LANGS ELVESTREKNINGER OG VATN
	MULIGHET FOR HØYERE TEMPERATUR
	MULIGHET FOR LAVERE TEMPERATUR
	VINTER
	VÅR
	SOMMER
	HØST
TEGNFORKLARING TIL UTBYGGINGSPROSJEKTET FINNES I KARTBILAG NR 1	

TEGNFORKLARING	
VANNTEMPERATUR	
	ELVESTREKNING I INNSJØ SOM VIL FÅ HØYERE MIDDLE VANNTEMPERATUR OM SOMMEREN OG EVENT, HØYERE VINTERTEMPERATUR
	ELVESTREKNINGER I INNSJØ SOM VIL FÅ HØYERE VINTERTEMPERATUR OG/ELLER LAVERE SOMMER-TEMPERATUR
TEGNFORKLARING TIL UTBYGGINGSPROSJEKTET FINNES I KARTBILAG NR. 1	

SAMLET PLAN FOR VASSDRAG	
Hordaland: SVÅSAND	
208 JONDALSELVA	
TEMANAVN: VIRKNING PÅ IS VANNTEMPERATUR KLIMA	Målestokk: 1:100 000. 0 1 2 km KARTUTFORMING/REPRO: «Prosjekt Temakart, Telemark» Bo Papir og Trykk, Bo i Telemark. TRYKK: Norges Geografiske oppmåling.
Kartbilag nr. 10	Basiskart: NGO, serie M711, blad 1315 III og IV

Nokre vanleg nytta faguttrykk

Biotop

Levestad. Relativt vel avgrensa område med levetilhøve som passar visse plantar og dyr.

Bonitet

Evna eit jordareal har for planteproduksjon (i jord- eller skogbruk).

Diversitet, mangfold

Variasjon i samansetnad og funksjon i eit økosystem.

Formminne

Kulturminne frå førhistorisk tid og mellomalder (før 1537).

Geomorfologi

Læra om formene på jordoverflata, deira danning og utvikling.

Hydrologi

Læra om korleis vatnet sirkulerar og fordeler seg, og om kjemiske og fysiske eigenskapar hjå vatnet.

Isgang

Botnis/sarr/oppbrukken is som vert førd nedover vassdraget.

Kjøving

Is som vert danna i underkjølt, straumande vatn.

Kvartærgeologi

Læra om fordelinga av landmassana og utforminga av jordoverflata under og etter dei siste istidane.

Limnologi

Læra om fysiske, kjemiske og biologiske tilhøve i innsjøar, elver og brakkvassområde.

Naturgeografisk region

Ei inndeling av landet i regionar og under-regionar ut frå naturtilhøva, i hovudsak bygd på vegetasjon, men og på geologi, klima, jordsmonn og dyreliv.

Referanseområde

Naturområde som er lite påverka av inngrep og derfor kan nyttast for samanlikning når ein vil studera kva som skjer i liknande område som vert utsette for inngrep.

Resipient

Mottakar av utslepp frå hushaldning, jordbruk, industri m.m. Resipienten kan vera meir eller mindre avgrensa, t.d. ein innsjø, ei elv eller eit landområde.

Sarr

Iskrystallar eller ispartiklar danna i underkjølt, straumande vatn.

SEFRAK-registrering

Ei registrering av kulturminne frå nyare tid, så langt for det meste hus.

Typeområde, representativt område

Område som er typisk (representativt) for ein natur-/kultur-geografisk region, landsdel e.l.

ØK-registrering

Registrering (enno ikkje fullstendig) av kulturminne fra førhistorisk tid og mellomalder i samband med det økonomiske kartverket.

Økosystem

Samlinga av plante- og dyresamfunn og det uorganiske miljøet dei lever i – innan eit avgrensa område.

Kraftuttrykk

HRV, LRV og NV

Høgaste regulerte vasstand (HRV), lågaste regulerte vasstand (LRV) og naturleg vasstand (NV).

Magasinprosent

Magasinvolumentet i % av midlare årleg tilleg.

Midlare bruttofall

Midlare høgdeskilnad mellom vasspegla ved kraftverket sitt inntak og utløp.

Midlare nettofall

Midlare bruttofall redusert med totalt midlare falltap.

Midlare energiekvivalent

Midlare spesifikk produksjon (kWh/m³) bestemd av midlare nettofall og verknadsgrada til kraftstasjonen.

Midlare års-, vinter og sommarproduksjon

Midlare årsproduksjon er produksjonen eit kraftverk vil ha i eit år med normal nedbør.

Er delt inn i midlare vinterproduksjon (7 mnd.: 1/10–30/4) og midlare sommarproduksjon (5 mnd.: 1/5–30/9).

Brukstid

Midlare årsproduksjon (kWh) dividert med den maksimale effekten til kraftstasjonen (kW).

Enheter

Effekt: 1 MW = 1000 kW

Energi: 1 GWh = 1 million kWh

Kostnadsklasser

Syner kostnadene ved å byggje ut kraftverk i øre pr. kWh midlare årsproduksjon. I Samla Plan nyttast tal pr. 1/1 1982. Prosjekta kan delast inn i fem kostnadsklassar. Prosjekt i klasse IV er ikkje med i Samla Plan.

I 0–117 øre/kWh

IIA 117–156 øre/kWh

IIB 156–195 øre/kWh

III 195–273 øre/kWh

IV Meir enn 273 øre/kWh

Samla Plan

PROSJEKT I HORDALAND

Kartskissa nedanfor syner Samla Plan - prosjekta i Hordaland. Plasseringa av dette prosjektet er vist med pil og ramme.

- ★ 1982-prosjekt
- ☆ 1983-prosjekt
- 1984-prosjekt
- ▲ Prosjekt overført frå Verneplan III

